

PITTER I
UNDERBUKSA,
JESUS, KONGEN
OG EG.

Ein Jærfabel under åpen himmel
AV ASKILL VOLL

PITTER I UNDERBUKSA, JESUS, KONGEN OG EG.

EIN JÆRFABEL UNDER ÅPEN HIMMEL

AV

ASKILL VOLL

Tidleg ein morgon midt på 1860-talet -skoddedisen heng tett over Jærlandskapet der Figgjoelva slyngjer seg utover Holeheia på veg mot Selestranda og Nordsjøen. Ein av drengene på Hologarden er ute for å hente inn kyrne til morgonmjølking grytidleg i otta før dei fleste hadde tenkt å karre seg ut av sengehalmen-og på denne tida var det nettopp det dei gjorde, karra seg ut av sengehalmen.

Det er ein trolsk stemning som kviler over landskapet og det dimme lyset gjer naturen mystisk og levande.

Drengen kvekk til og vert ståande og myse inn i skodda. Ein kvitkledd skapnad i rask rørsle nedover mot elva.

Nå fer han rett i elva og druknar seg, tenkjer drengen og festar blikket så godt han kan på dette vesenet som flyttar seg nærast svevande gjennom morgonskodda. Vesenet når elva og liksom svever over vatnet , over til vestsida av elva og vert borte i skodda på veg vestover mot stranda -ser det ut som.

Sjølv for ein røsleg jordarbeidar var dette i meste laget og han han kom seg halsande heim til gards med buskap og alt så fort han

fekk bufeet med seg. Skjelven i kroppen maler han fram opplevinga for folket på Hologarden som nett har sett seg til bords til ein tidleg frukost, eller måronsmat som det heiter i dette landskapet.

Det vart laga mange forklaringar på på denne opplevinga til Holedrengen som var ein stødig kar innante Årdal i Ryfylke som ikkje hadde for vane å finna på tinga og servera ville fantasiar.

Ingen kan vel springa på vatten; meinte folk, det måtte vera eit overjordisk vesen trudde dei. Skeptikarane meinte helst at holedrengen hadde gått i halvsøvne og sett syner.

Dei som kunne si bibelsoge visste at Jesus Josefsen i gamle dagar skulle ha gjort det kunststykke og gå på vatnet,men det var ei to tusen år gamal historie som var muntleg overlevert i fleire generasjonar før ho vart skriven ned og dei kunne vel kanskje ha smurt på litt etter kvart som tida gjekk.

At ein sambygding og Kleppsbu skulle greie denne bragda var det få eller ingen som trudde, sjølv ikkje dei mest ihuga lokalpatriotane.

På ein av Vasshusgardane ved Gruda og

Vasshusvatnet kom det ein skomaker frå Bergen omtrent midt på 1800-talet. Han slo seg til i av gardane og fann seg etter kvart eit koneemne i nabolaget. Dei fekk fleire barn etter kvart. Den eldste sonen fekk navnet Jon Petter og slo seg etter kvart til på ein husmannsplass under Sveinsvollsgarden. Petter som dei helst brukte om han eller kallenavnet Pitter som det vart på lokal dialekt var ein kvikk og livfull kar som tidleg vart kjent for å vera lett på foten og ein framifrå gjætar når smalen vart samla inn frå heiane, mest som ein jætarhund, sa folk.

Odelsjenta på nabogarden til Sveinsvoll, i Voll(Voddel) fekk tidleg eit godt auge til den kvikke humørfyllte husmannen på Sveinsvoll. Det var stor stas for Pitter når han kunne feire giftarkmål med Ommine Voll og bli sjølveigande bone på Vodlagarden. Pitter tok namnet Voll slik det var vanleg på den tida, særleg når ein kom frå enklare kår og steig i gradene.

Sjøl om garden på Voll var ein flat og fin Jærgard var ikkje utkoma meir enn ho måtte vera så ein spedde på det det ein kunne når det baud seg.

Pitter hadde robåt liggjande på Reve der han gjekk ut og sette garn og teiner i det langgrunne farvatnet på denne delen av Jærkysten. Når været var til til det, og det hende sjøl på ei kyststripe som var kjent for mange forlis av seglskuter opp gjennom tida i rusketet uvær.

Petter som var eit arbeidsjern og stod på før sola stod opp og var lett på foten og la seg til vanen med å springe frå heimegarden og ned til stranda på Reve og drog garn og teiner før dei fleste stod opp. Sidan det ikkje var superundertøy og lette sportsklær på den

tida sprang han i kvitt ullundertøy. På grunn av denne vanen fekk han kallenavnet-Pitter i underbuksa-av dei som visste om strandturane hans til Reve. For å spar tid tok han strake vegen over Holeheia, vassa over Figgjoelva og sprang vidare ned til Stranda. Seinsumaren 1874 tok han denne turen som vanleg kjende seg litt tung i kroppen og frysen. Vel heime etter turen vart han skjelven, varm og kald om ein annan. Dagen etter måtte han halde senga og Ommine tok til å bli uroleg for at han hadde drege på seg noko uheima som ho kalla det. Dei næraste dagane vart Pitter dårlegare og dårlegare.

Ommine sende bod på doktor, lungebetennelse ” meinte doktoren og det visste folk på denne tida at det var ikkje å spøkje med. Antibiotika og penicillin var ennå ikkje ein del av legevitenenskapen så ein måtte berre stole på eigne krefter og kroppen sine evener til å ordne opp sjøl. Fleire veker gjekk og feberen ville ikkje gje seg og Ommine frykta for at ho skulle miste den kjære husmannen sin. Men hans tid var ikkje komen ennå, som dei sa, og ein tidleg solfyllt morgon mot slutten av august var det liksom den feberfyllte kroppen kvikna til og Petter fekk meir liv og let over seg. Glimtet i auga var tilbake. Ommine kjendet det mest som ho hadde fått den kjære kvikke og humørfyllte husbonden sin i gave ein gong til. Til og med det litt skiftande og lunefulle temperamentet var tilbake. Mor mi kalla det Pitra-blod når vi ungane kunne galdra oss opp av og til og bli ligg hissig, ho sikta til oldefar Jon Petter, eller Pitter i Underbuksa som me ungane hadde høyrte snakk om.

Litt skiftande lune kunne Ommine godt bære over med for ho var verkeleg glad i husmannen sin.

Medan Pitter låg på det dårlegast og svevde mellom liv og død hadde Ommine gått og grupla på korlei ho skulle hindra at dei skulle kom opp i den same elenda fleire gonger. Det var denne farefulle elvekryssinga.

Ho kom til at ho ville spøta ei par store ullsokkar av den beste ulla ho hadde og tova sokkane fleire gonger slik at dei vart tette og sterke nok til å tåla turane till stranda og varme nok til å hindra forkjøling og lungebetennelse endå ein gong.

Det var ikkje godt å vite kor mange liv han Pitter hadde, men umisteleg var han i alle fall. Sokkane starta i omtrent dobbel storleik og etter fire tovingar i kokande vatn og mild transling og elting var dei nede i storleik 45 som fot i hose til Pitter.

Desse tova sokkane var det så mykje kjæleik og omsorg i at Pitter meinte dei måtte ha magisk kraft-mon tru eg kan gå på vatn med dei –tenkte han for seg sjøl. Som dei fleste på den tida som hadde vore innom nokre timar i den nye grunnskulen visste Petter frå bibelsoga at Jesus josefsen ein gong for lenge sidan skulle ha gått på vatnet og laga mykje folkeleg åtgaum med det.

Så ei grytidleg morgon i slutten av September ville han freiste lukka med dei tova kjærleiks-sokkane. Skoddda hang lett over Holeheia og laga ein trolsk overjordisk stemning i det flate Jærlandskapet. Oldefar kunne så vidt skimte kyrne på beitemarka til Hologarden på veg inn til morgonmjølking. Andektig tok han på seg sokkane på marka eit stykke ovanom

Figgjoelva der han kunne sjå den flaumstore elva sno seg nedover mot Selestranda med kvervlande straumdrag. I den kvite ullmakkonen og kjærleikssokkane, som ein jordisk engel utan venjer, sette han fart mot

elvebreidda. Kvikk og lett på foten var han og nådde elva med raske lette steg. Vatnet liksom glei unna og bar han framover og han flytta føtene så fort at han ikkje rakk å søkkje nedi. Kanskje 4-5sekund seinare stod han på vestsida av elva, glad og letta og ikkje så lite forundra. Ein heilt vanleg Jærbu heilt på høgda med Jesus Josefsen i bibelsoga.

Til og med fangsten på Reve var god denne dagen.

Denne morgonen var det drengen på Hologarden hadde underlege opplevingar å fortelja; om overjordiske vesen som svevde over Figgjoelva.

Oldefar fortalde oldemor Ommine om denne eventyrlege opplevinga med sokkane over elva seinare på dagen. At dei var verkele glade i kvarandre det visste ho men at hennar kjærleik kunne få Pitter til å gå på vatnet var nok i overkant av det ho kunne forstille seg.

Fortellinga om Pitter i underbuksa som sprang til stranda på Reve hadde fasinert meg lenge då eg i godt vaksen alder gjorde eit underleg funn på hønshusloftet på garden heime på Voll. Det var eit loft med ei bratt stigetrapp opp der det var stua vekk gamle ting som far hadde teke vare på og ikkje ville kasta fordi dei hadde affeksjonsverdi, sa han. Noko av det var ting etter Pitter og Ommine, besteforeldra hans og altså oldeforeldra mine. Som barn hadde me brukt hønshusloftet som leikeplass, funne mykje gammalt spanande som me brukte til å leike butikk og slikt.

Det var på ein sumarferie eg var innom heimegarden og tok ein nostalgirunde på det gamle loftet. Ei kiste som far hadde sagt tilhørde oldefar og oldemor stod ennå der, nedstøva og litt morken. Det stod ein eim av

gammalt opp frå kista då eg åpna låket.

Det låg mykje ulikt oppi der. Reiskapar til å fikse sko med ,nokre halvferdige tresko,bitar av sjøkorallar. Dei hadde me fantasert mykje om som ungar, om sjøreiser og skumle piratar. Eg var komen til botnar i kista, trudde eg , men det som såg ut til å vera botnen såg ut til å vera hengsla i langsida og lot seg lukke opp til eit slag rom i ein dobbel botn.Eg lukka opp den falske botnen forsiktig og fann ein mjuk flat pakke innpakka i lintøy mest som nytt.

Inni lintøyet sirleg lagt oppå kvarandre,eit par tova ullsokkar, oldefar sine gamle kjærleiks-sokkar-reine og fine men velbrukte.

Eg kjende augo blanka seg til over synet og vart sitjande i djup undring –lenge. Etter at dei mest overveldande kjenslene hadde dempa seg litt, tok tankane og kreative idear overhand.

Hadde oldefar sprunge på vatnet med sokkane kunne vel eg og greie det,tenkte eg. Rett nok var eg ikkje sprinter, men kjende meg lett og fin i kroppen og hadde jo drive aktiv idrett og var framleis i brukbar form.

Med litt ekstra sprinttrening og oldefar sine sokkar burde det nok gå.

Den gamle historien om Jesus Josefsen som gjekk på vatnet i det gamle Palestina i bibel-soga som faget heitte på folkeskulen i mi tid, hadde eg min tvil om.

Det hende for to tusen år sidan og det kunne laga seg mykje god kreativ historiefortelling på kortare tid enn det. Det ville vore grens-esprengjande om ikkje Pitter var den einaste Kleppsbuen og Jærbuen som hadde sprunge på vatnet over Figgjoelva. Kanskje det låg i slekta.

Eg heldt det for meg sjølv og bygde meg opp psykisk og fysisk til den store magiske dagen. Eg skulle springa på vatnet over Figgjoelva

i oldefar sine tova sokkar og i moderne kvit kronemakko.

Det var sein September,kjølig haustluft og morgondisen hang over slettelandet. Elvesletta kring Figgjoelva, det flataste av det flate Jæren. Elva gjekk flaumstor og haustlak-sen var alt gått på elva og var på veg oppover for å gyte.

Kong Harald var på si årlege vitjing på Bjel-landhytta for å fiska laks i området nedafor hengjebrua på Sele.

Eg gjorde meg klar eit stykke ovanom elva på austsida nedanfor kommunegarden på Hole-heia, -ein gard som bror min seinare skulle overta. Med stor andakt trekte eg forsiktig på meg oldemor og oldefar sine kjærleikssokkar. Dei stramma litt og satt fast og fin på foten. Oldefar hadde nok eit nummer mindre føter enn eg.

Eg kjende på meg eit snev av englekjensla som hadde bære oldefar over elva og tørr-skodd til vestsida.

Det fekk briste eller bære. Dei første stega verka lovande, eg svedde liksom over vatnet eit par sekund men så sette tyngdekrafta inn og eg sokk djupare og djupare i vatnet.

Midtvegs i elva der ho er på det djupaste stod eg til halsen i vatn. Om det var frekvensen i stega som var for låg eller trua som var for svak var ikkje godt å sei. Kanskje Ommine si kjærleikskraft hadde gått ut av sokkane,ikkje god å sei det heller.

At straumen i elva var stri og vatnet kaldt var derimot eit faktum. Eg tråkka vatnet og dreiv med straumen, nedover mot elveosen på Sele der vi brukt å bade som barn om sommaren.

Der visste eg det var lett å kome seg i land.

Eg la meg på rygg og lot drive med straumen heilt til hengjebrua passerte som ein skugge

over meg. Då hogg det brått til og eg stoppa opp i straumen med vatnet drivande forbi. Eg vart buksert inn til elvekanten og sat til slutt på grunna på runde elvesteinar. Like under nakken hadde ei fiskekrok teke tak. Jaha, tenkte eg, har stort sett sett på meg sjøl som ein glad laks. Eg reiste meg opp og stodt til slutt så lang eg var i kvit kronemakko og tova ullsokkar framfor ein ivrig sportsfiskar i grøn fiskedress, høgstøvlar og skyggelue. Eg tok figuren i handa: "Harald", kom det på klingande austnorsk med ein kraftfull artikulering på r-en. "Askill", sa eg så vestnorsk eg kunne med artikullering på i-en. Der stod eg andlegt til andlet med Norges Konge-i dassblaut kronemakko og oldefar sine tova ullsokkar. "Dette var en sjelden fangst" kom det frå kongen, "dette skulle Sonja sett", og så lo han den kjente humrande kongelatteren. "Du får bli med inn og varme deg og tørke uniformen", kom det lett ironisk frå kongen.

Kongen som var ein ven av Bjellandfamilien var ofte på Sele om hausten når laksen gjekk på elva i haustflaumane. Det var godt fiske og han fekk kome seg ut i frisk jærluft. Dettte sette han stor pris på, så det var kjærkomne turar desse fisketurane til Sele og sørvestkysten av kongeriket.

Det var ennå tidleg på dagen og Bjellaen var nettopp i gang med å stelle i stand eit måltid etter det tidlege fiskeøkta til kongen. Han hadde sjøl nytta høvet til å ta eg nokre feriedagar for å halde kongen med selskap i hytta på Sele. "her har vi dagens fangst" humra kongen i døra og eg labba inn gjennomvåt og kald. "Du får fyre i peisen, Christian, så skal eg finne tørre klær til Jærens glade laks meda vi tørkar uniforma hans". Bjellaen som var ein handlingens mann hadde alt fyr på peisen og

det lukta tørr bjørkeved og god varme i heile huset alt." Du får låne undertøy og kappe av meg, så setter vi oss framfor peisen og varmer oss. Jeg kan ikke la undersåttene mine dra på seg lungebetennelse", meinte kongen.

Slik vart vi sitjande utover føremiddagen og heile dagen med. Christian Bjelland diska opp med god mat av alle slag, og "kanskje kommer kongen" flirte Bjellaen. Etter nokre boksar med King Oscar og litt varmande Cognac vart samtalen framfor peisen lett og ledig og småhemmelege lyter kom for ein dag.

Eg undra meg på om kongen hadde med seg kongekruna på fisketuren til Sele. Han drog litt på det og sa at det fekk han ikkje lov til av Sonja. Ho sa som sant var at det kunne blåse slik på Jærkysten at kruna kunne blåse på sjøen og forsvinne i bølgebråtet og det ville vera forgale og eit tap for land og folk. Men, sa kongen og viste meg eit lite skap bak eit maleri over peisen. Her ligger en replika som jeg kan fram når jeg vil kjenne på den gode gamle kongfølelsen.

Og slik gjekk det til at kongen og eg la kveldsturen inn i solnedgangen på Selestranda den kvelden: kongen i grønne sportsfiskarklær og eg i nytørka kronemakko, oldefarsokkar skarlagensfarga hermelinskanta kongekappe og replikakrone på hovudet. Det blinka og funkla i kronjuvelar frå refleksane til solguden Ra som seig i havet og etterlot seg den Høge Jærhimmelen i overjordisk ro.

Å være elska og omtykt kan få menneske til å gå på vatn og føle seg som ein konge.

